



Edmund Tofte frå Relacom hadde litt av eit puslespel med å få leiingane på plass att etter brotet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Folk må passa på når dei brukar slåmaskin inntil stolpar der det ofte går kablar, seier Kjell Yri i Kvinnherad Breiband til uskedalen.no etter eit uhell med store konsekvensar like ved brua torsdag kveld.

Då vart seks av åtte kablar ved foten av ein stolpe kutta med den konsekvens at breibandsnettet i nesten heile Uskedalen og heile Herøysund fall ut.

Mannskap vart utkalla og fekk fram til midnatt inn att dei fleste på nettet, men det stod att 40-50 i dei sentrale delane av Uskedalen..

Edmund Tofte frå Relacom var i arbeid med å reparera kablar frå tidleg fredag morgon, og lovar at jobben skal vera unnagjort i løpet av dagen.

Av Ola Matti Mathisen



Det var inntil denne stolpen like ved brua at breibandsnettet vart kutta. (Foto: Ola Matti Mathisen)